

## Til alle politiske gruppeleiarar i Finnøy.

## Til Samferselsutvalet sine medlemmar.

Fogn Grendalag fekk ei stor overrasking då media sist måndag fortalte at Fylkeskommunen formulerte saksutgreiinga for samanbindinga av Fogn-Bokn-Byre-Halsnøy, og at Fogn ferjekai burde leggjast ned til fordel for Halsnøy ferjekai.

Etter at dette kom ut, har det vore eit massivt engasjement frå heile øya sine faste innbyggjarar. Då særlig har næringslivet og ungdomen protestert svært høgt. Media har i tillegg vinkla dette på ein slik måte at det synes som om dette prosjektet ikkje kan gjennomførast dersom Fogn ferjekai skal nyttast. Dette meiner vi er misvisande og feil. Næringslivet på øya består av tri bedrifter innan bygg og anlegg. Til saman sysselset desse 35 personar, og omset for 60 millionar kroner. I tillegg har ei nyskapande bedrift innan nettbasert handel med byggjevarer etablert seg. Denne nyetableringa har kome til som knoppskyting frå ei eksisterande bedrift på øya. For at denne eksisterande bedrifta som har motteke ulike priser i næringslivssamanhang, bla Gaselleprisen for utvikling og inntening, skal fortsetja utvikling og kreativitet, er bedrifta kanskje meir enn andre avhengige av stabile og engasjerte medarbeidrarar. Denne bedrifta har gått frå ein omsetning på 3,5 millionar kroner første året og budsjetterer for komande år med ein omsetning opp mot 100 millionar kroner. Denne bedrifta er leiande i europeisk samanheng og står for nyskaping og er eit døme på framtidas næringsliv. Bedrifta har sikra seg eit sentrumsnært areal nær kai for ferje/hurtigbåt, samt nær oppvekstsenteret der dei vil byggja eit mindre bustadkompleks for sine tilsette.

I motsetning til landbruket er alle desse bedriftene slik etablerte og organisert at dei ikkje er avhengige av lokalisering på øya Fogn eller i Finnøy kommune. Det er vel heller slik at det er ei blanding av humankapital, entusiasme og ryfylkepatriotisme som er fasiten.

Landbruket på Fogn har hatt ei særslig positiv utvikling. Fogn har det einaste fellespakkeriet for tomater som er igjen i Finnøy kommune. Ryfylke Tomat BA pakkar og omset tomater for omlag 30 millionar kroner. Pakkeriet er i dag under press for sentralisering til Rennesøy.

Fjørfesekturen omset for over 15 millionar kroner. I tillegg har øya 1600 sauar som pleier kulturlandskapet.

Mest alt areal for bustadutbyggjing som er under regulering, er lokalisert til "Holmastø sentrum" på Fogn. Sentrum har i dag ferje-/hurtigbåtkai, oppveksenter(barnehage,skule,SFO), idrettsanlegg, forsamlingshus og butikk. Her er det også regulert inn gang sykkelsti.

Grendalaget ser det som avgjerande for vidare positiv utvikling at denne sentrumsfunksjonen kan utviklast vidare slik at kvardagslogistikken for innbyggjarane blir best ivaretake. Derfor er det av stor verdi at kommunen har kjøpt og regulerer nytt felt for bustader. Dette feltet grensar til ferjekaien. Der er i tillegg eit privat byggjefelt som grensar til oppvekstsenteret i nord, og to ferdig regulerte private byggjefelt sør for noverande ferjekai. I første omgang blir det regulert til omlag 80 bustader. Vi registrerer at øya Halsnøy har ei anna form for bustad og næringsorganisering. Der er det Skartveitvågen som ivaretak sentrumsfunksjonane.

Etter at Finnfast blei realisert, har øyane Talgje og Finnøy tatt eit kvantesteg i samferdselsutvikling. Øyane nord i kommune har fått det langt betre med eit enklare ferjesamband til fastlandet.

Fogn har også fått eit betre tilbod, og dette skuldast i hovudsak at ferjeleiet på Finnøy vart flytta frå Ladstein til Judaberg. Dermed er kommunesenteret med alle sine funksjonar lettare tilgjengeleg.

At ferjer og hurtigbåtar no går til same kai på Finnøy, er eit stort framsteg. Slik stoda er i dag har vi direkte ferjer til Judaberg/fastlandet og ei ferjetid på 15 minuttar.

Sjølv om utviklinga på Fogn har vore positiv, fryktar no Fogn Grendalag at mykje av det som er etablert vil forvittra om ferjeleiet skal flyttast heilt nord til ferjekaien på Halsnøy. Det blir lenger reisetid og høgare kostnad for å koma til fastlandet på Judaberg.

Etter dei massive protestane frå innbyggjarane og næringslivet den siste veka, meiner Fogn Grendalag at konsekvensen av å mista dagens felles Ferje/Hurtigbåtkai blir så negativ at vi ikkje kan akseptere dette.

Vi ser det også slik at Fogn ferjekai må vere det beste alternativet for alle øyane Fogn, Bokn, Byre og Halsnøy.

Trafikken mellom Fogn og Halsnøy er tenkt å gå over nokre av dei finaste og mest attraktive områda i Ryfylke. Ved å framleis bruka Fogn som ferjekai vil ein unngå at all reisetrafikk frå Fogn, Bokn og Byre går over områder som i dag blir disponert for felles friluftsføremål og blir mykje brukt som rekreasjonsområde for båtfolk.

Fogn Grendalag ser svært positivt på at øyane Bokn og Byre som i dag ikkje har noko godt bilferjetilbod blir knyta til større øyar. At ein i tillegg byggjer eit større samfunn med veg til Halsnøy med eventuelt vidare samanbinding til Børøy og Hjelmeland er framtidsretta. På sikt kan det også då bli muleg med ein tunnel frå Finnøy til Fogn slik at ein oppnår målet i nyleg vedteken areal og transportplan for Ryfylke. Om det i framtida kjem ein ferjefri samanbinding mellom Finnøy og Hjemeland, vil det opna for mange positive ringverknader for Rennesøy, Finnøy og indre Ryfylke.

Her ønskjer vi å peike på at vegstandarden må ligge på minimum 6 meter breidde. I det kostnadsreduserte forslaget ser vi at innstillinga er 4 meter brei veg. Dette er ikkje særlig framtidsretta.

Vi ønskjer også å peike på at ferjetrafikk til og frå ei øy er basisen i kollektivtilbodet. Sidan mesteparten av felles trafikkgrunnlag og Fogn sin sentrumsfunksjon med oppvekssenteret ligg ved ferjekaien, vil det vera miljømessig feil å sende denne biltrafikken nord til ferjekaien på Halsnøy. Under tidlegare folkemøter angåande vegsambandet Fogn - Børøy har det kome fram klare argument frå Fogn om kor viktig det er å få behalde ferjekaien. Representantar frå Halsnøy har heile vegen argumentert for at val av ferjekai er mindre viktig for dei berre vegprosjektet blir gjennomført.

Vi vil til slutt setje eit spørsmålsteikn ved realismen i byggjekloss 9 i Areal og transportplan for Ryfylke 2011 - 2023. Fogn grendalag håper at samferdselspolitikarane ser heiskapen i ei tverrbinding mellom Judaberg og Hjelmeland, og har ein plan for korleis dette kan realiserast og finansierast.

Fogn Grendalag meiner at nytt ferjemønster kan ivaretakast på ein god måte for heile kommunen om Fogn ferjekai blir nytta som felles ferjekai.

Fogn Grendalag.  
Jostein Østhush.